



# UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetsdirektøren

Barne- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

32200  
13/S-08  
200800482-37

Deres ref  
200800482-/HBHS

Vår ref  
2008/2741 - MOR

Dato  
05.05.2008

## Høring - NOU 2008:1 Kvinner og homofile i trossamfunn

Vi viser til brev av 14.02.08 om høyring av NOU 2008:1 Kvinner og homofile i trossamfunn.

Etter å ha vurdert utgreiinga frå lovutvalet, sluttar Universitetet i Bergen seg til store deler av arbeidet og konklusjonane i NOU 2008:1. På grunn av innspel frå Likestillingskomiteen, ynskjer ein likevel å knyte eit par kommentarar til det vidare arbeidet. Dette gjeld særleg konklusjonane til utvalet i høve til endringar i likestillingslova §2.

Sett i lys av det solide utgreiingsarbeidet som har vore gjort for å slå fast gjeldande internasjonal rett på området, kan ein slutte seg til fylgjande konklusjon frå rapporten: Når det gjeld trdomssamfunn, er det neppe juridisk mogleg å fjerne alle unntaksreglar frå likestillings- og diskrimineringsføresegnene i norsk rett. Likevel er det mogleg å snevre inn dagens rettsreglar, som etter universitetet si meining sender feil signal til borgarane om at trdomssamfunn nærast har vetorett i slike spørsmål som rapporten handsamar.

På bakgrunn av dette vert spørsmålet om ein ynskjer å vidareføre slike unntaksreglar i lovfesta form, eller om ein skal lite på ulovfesta reglar om saklegheit, og då spesielt i høve til tilsetjingar. Slike saklegheitsreglar er lovfesta i arbeidsmiljølova §13-3 første avsnitt. Etter dette kan universitetet slutte seg til lovutvalet sin konklusjon om å oppheve spesialunntaket i arbeidsmiljølova §13-3 tredje avsnitt.

Når det gjeld likestillingslova, er problemet at ein saklegheitsregel ikkje er lovfesta. Av denne grunn vel utvalet å gjennomføre innsnevringar i unntaksregelen under dagens §2, i staden for å fjerne denne. Her kunne lovutvalet synt meir handlekraft, og oppheva heile unntaksregelen. Etter utgreiingane tidlegare i rapporten, synest det trygt å kunne slå fast at ein ulovfesta saklegheitsregel eksisterer, også på likestillingslova sitt område. Ein slik regel kan mellom anna heimlast i lova sine førearbeid, og i EU sine likestillingsdirektiv artikkel 2 nr. 6 i 1976-direktivet, eller artikkel 14 nr. 2 i 2006-direktivet. Også Likestillings- og diskrimineringsombudet har i sak nr. 2005/388 uttala seg om dette: "Hvis man fjerner unntaket i likestillingsloven for indre forhold i trossamfunn, vil det neppe endre rettstilstanden i særlig stor grad".

Det er lite rettspraksis på dette området, og nettopp dette illustrerer etter universitetet sitt syn eit viktig poeng: Ein slik unntaksregel er ikkje først og fremst ein reiskap for retten til religiøs fridom, men snarare eit uheldig signal å sende til kvinner og homofile, som må leve med ei slik stigmatiserande

Telefon 55 58 00 00  
[postmottak@uib.no](mailto:postmottak@uib.no)  
Internett [www.uib.no](http://www.uib.no)  
Org no. 874 789 542

Universitetsdirektørens kontor  
Telefon 55 58 20 01  
Telefaks 55 58 96 43

Postadresse  
Postboks 7800  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Muséplass 1  
Bergen

Saksbehandler  
Hilde H. Bretvin  
55 58 20 20

føresegn. Eit spesialunntak for slike trdomssamfunn vil sende eit uheldig signal i høve til samfunnet sin aksept av tidlegare stigmatiserte grupper. På denne måten er ein spesialregel lite ynskjeleg, sjølv i innsnevra form.

Universitetet meiner den ulovfesta saklegheitsregelen vil gje eit tilstrekkeleg vern for retten til fri religionsutøving, også på likestillingslova sitt område. Difor ser vi det som naudsynt at ein fjernar spesialunntaket for trdomssamfunn, også når det gjeld likestillingslova §2. Dette vil i liten grad endre dagens rettstilstand for trdomssamfunna, men vil sende eit viktig signal når det gjeld staten sitt syn på likestilling.



Kari Tove Elvbakken



Hilde Hvidsten Bretvin

Kopi:  
Kunnskapsdepartementet